

Høringsinnspel til Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2016-2020 med fylkesrådmannen si vurdering og tilråding om oppfølging.

Innhold

Fylkesmannen i Møre og Romsdal	2
Fiskeridirektoratet	5
Statens vegvesen	8
Ungdommens fylkesting	8
Eldrerådet	8
Nord-Trøndelag fylkeskommune	9
Sør-Trøndelag fylkeskommune	9
Sandøy kommune	10
Vanylven kommune	12
Herøy kommune	13
Hareid kommune	13
Rauma kommune	14
Tingvoll kommune	14
Stranda kommune	17
Skodje kommune	18
Molde kommune	19
Nesset kommune	22
Ålesund kommune	22
Kristiansund kommune	25
Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal	27
Norges musikkorps forbund, Nordvest	27
Eierutvalget i Tine Midt	27

Innspel	Fylkesrådmannen si vurdering	Oppfølging
Fylkesmannen i Møre og Romsdal		
Det er viktig å sikre brei deltaking frå regionale statsetatar både i utarbeiding og vidare oppfølging av planstrategiarbeidet, t.d. revisjon av fylkesplanen, regionale delplanar og andre planrelaterte oppgåver.	Høyringsuttalen frå Fylkesmannen er systematisk og grundig. Den viser kva område der det er viktig at fylkeskommunen og Fylkesmannen samarbeider om utviklinga i fylket. Fylkesmannen har ei rolle som koordinator for statlege etatar i fylket, dette er viktig å dra veksel på i fylkeskommunens planarbeid. Plan og bygningslova (pbl) fastsett både medverkingsrett og – plikt for regionale statsetatar i utarbeiding av regionale planar.	Ingen endring i RPS, men innspelet blir følgt opp i fylkeskommunen sitt planarbeid.
I kap. 2 (side 7) blir det referert til Folkehelselova (2011). Her bør også fylkeskommunenes ansvar etter folkehelselova § 20 understrekast: «Fylkeskommunen skal fremme folkehelse innen de oppgaver og med de virkemidler som fylkeskommunen er tillagt». Arbeid for folkehelsa skal også ivaretaast i styring og drift og planlegging av eiga verksemd som til dømes vidaregåande opplæring.	Fylkesrådmannen er einig i dette tilleggsforslaget til RPS. Vidaregåande opplæring er eit sentralt tenesteområde i folkehelsesamanheng.	Tillegg under Folkehelselova side 7 i RPS: «Folkehelselova pålegg fylkeskommunen å fremme folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemiddel som fylkeskommunen er tillagt.»
Kap. 3.1. Bulyst, inkludering og sentrumsutvikling: Bustadsosialt arbeid I samband med spørsmål om bustad må søkelyset rettast mot: Bolig for velferd, Nasjonal strategi for boligsosialt arbeid (2014-2020).	Fylkesrådmannen viser til at det er kommunane som har primæransvaret her. Boligsosial handlingsplan og boligplanlegging har ved fleire høve vore tatt inn i stadsutviklingsprosessar som fylkeskommunen deltar i saman med kommunar og frivillige organisasjonar. Fylket sitt tettstadsprogram har òg vore pådrivar og samarbeidspartar for temadag om boligsosial planlegging. Variasjon og omfang av bustadtilbod blir vurdert i fylkeskommunen si behandling av kommunale plansaker.	Ingen endring i RPS, men bustadsosialt arbeid blir følgt opp i stadsutviklingsprosessane fylkeskommunen gjennomfører.
Kap. 3.1. Bulyst, inkludering og sentrumsutvikling: Fysisk bumiljø – støy	Fylkesrådmannen viser til at støy ikkje er eit av fylkeskommunen sine kompetanseområde.	Ingen endring i RPS, men innspelet blir tatt til

<p>Det er stadig aukande utfordringar knytt til støy, og det blir vist til nasjonale mål gitt i handlingsplan mot støy frå 2007, oppdatert 2015.</p>		<p>orientering.</p>
<p>Kap. 3.3 Kompetanse og kap. 3.4 Verdiskaping: Fylkesmannen poengterer at det er viktig at næringslivet spelar på lag med dei offentlege aktørane, NAV og kommunane, som arbeider for å få så mange som mogleg i arbeid og aktivitet. Mange slit med kome i gang med arbeid, og både offentlege og private verksemder må stå saman om å hjelpe både nye landsmenn og dei som ufrivillig må utpå arbeidsmarknaden.</p>	<p>Dette er ei sentral utfordring for fylket no, og arbeidsmarknadssituasjonen har vorte enno meir krevjande enn da vi la utkast til RPS til høyring i fjor. Fylkesrådmannen er einig i at det er viktig at næringslivet spelar på lag med dei offentlege aktørane, og opplever at næringslivet tar ansvar på dette området.</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspela blir tatt med inn i arbeidet med revidering av fylkesplanen.</p>
<p>Kap. 3.3 Kompetanse og kap. 3.4 Verdiskaping: <i>Helse- og sosialfag - kunnskap og kompetansebehov</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Ei utfordring i Møre og Romsdal er mangel på godkjente fagskular innan helse- og omsorgstenesta. - Det er behov for vidareutdanning for helsepersonell med vidaregåande skule, med tanke på utfordringar mellom anna i demensomsorga, geriatri, rehabilitering og habilitering. - Det er behov for å auke kunnskapen rundt vilkåra for at tvang kan utøvast 	<p>Vi har eit tilbod innan helse- og sosialfag ved Fagskulen i Kristiansund. I skoleplanen er det lagt opp til 24 plassar per år. Det føreligg ikkje planar om å opprette eit liknande tilbod ved fagskulen i Ålesund.</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspela blir tatt med inn i arbeidet med revidering av fylkesplanen og Kvalitetsplanen for vidaregåande opplæring.</p>
<p>Kap. 3.3 Kompetanse og kap. 3.4 Verdiskaping: <i>Landbruk</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Fylkesmannen viser til at Møre og Romsdal er eit betydeleg landbruksfylke og at næringa står sterkt i mange bygder. - Fylkesmannen peiker på moglegheitene innanfor landbruksnæringa - Fylkesmannen viser til det solide 	<p>Fylkeskommunen har aktivt støtta opp om forskingsmiljøet på økologisk på Tingvoll, som er viktig både i kraft av kompetansen og tilgang til høg kompetente arbeidsplassar.</p> <p>Landbruksnæringa er viktig for Møre og Romsdal. Fylkeskommunen koplpar grøn og blå mat opp mot reiselivsnæringa i prosjektet «Mat og reiseliv»</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspela blir tatt med inn i arbeidet med revidering av fylkesplanen og i revideringa av landbruksmeldinga.</p>

<p>forskingstiljøet innanfor landbruk som er etablert på Tingvoll.</p>		
<p>Kap. 3.6 Oppvekstiljøkår, folkehelse og tannhelse <i>Oppvekstiljøkår</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Fylkesmannen påpeiker at like viktig som medverknad, er at beslutningstakarar tar omsyn til barn og unge sine interesser i samfunnsplanlegginga. Det må kome tydeleg fram i alle delplanar som skal utviklast og endrast, at barnets beste er vurdert jf. FNs barnekonvensjon art 3. 	<p>Dette er eit tema fylkeskommunen har fokus på i rettleiinga av kommunane, og skal også gjelde dei regionale planane. Barn og unge sine interesser er eit gjennomgåande perspektiv i fylkesplanen. Det må vurderast om målet her er dekkande og om oppfølginga er god nok.</p>	<p>Nytt 4. avsnitt side 22 i RPS: «FNs barnekonvensjon krev at det kjem tydeleg fram at barnets beste er vurdert i alle plansaker».</p> <p>Blir òg følgt opp i arbeidet med revidering av fylkesplanen.</p>
<p>Kap. 3.6 Oppvekstiljøkår, folkehelse og tannhelse <i>Folkehelse</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - For å nå måla i Regional delplan for folkehelse er det behov for systematisk folkehelsearbeid i vidaregåande skolar - Det er viktig at dei fylkeskommunale planane har med perspektivet for utjamning av sosiale forskjellar generelt 	<p>Utdanning har ei rekkje tiltak i regional delplan for folkehelse. Vi arbeider med å få fram ei sak for politikarane våren 2016 som er ei oppfølging av prosjektet «Lærarar i møte med utsette elevar». Utdanningsavdelinga har utarbeidd ei oversikt over kva for tilbod som fins i dei vidaregåande skulane av helsesøster, psykolog og miljøarbeidarar.</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspelet blir følgt opp i årleg rullering av handlingsprogram for Regional delplan for folkehelse.</p>
<p>Kap. 3.7 Areal og naturressursar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fylkesmannen viser til nye planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging. Ei viktig oppgåve for den regionale planlegginga vil her m.a. vere å trekke langsiktige grenser mellom by- og tettstodområde og store samanhengande landbruks-, natur- og friområde. Utbyggingsmønster og transportsystem må samordnast på tvers av kommunegrensene i samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen og staten. - Fylkesmannen understrekar behovet for å 	<p>Det vil i kommande periode ikkje vere kapasitet til å lage ein fylkesdekkande regional delplan for arealbruk. Det blir i staden prioritert å få til samordna bustad-, areal og transportplanar rundt byområda i fylket, der presset på areal er størst.</p> <p>Fylkesrådmannen er samd i at klima og miljø er eit tema det må arbeidast med i alle sektorar. Fylkeskommunen hadde eit godt samarbeid med Fylkesmannen i utarbeiding av handlingsprogram for Regional delplan for klima og energi i 2015, og er positiv til vidareføring av samarbeid på dette temaet.</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspelet om arealbruk blir tatt til orientering. Innspelet på temaet klima blir følgt opp i arbeidet med revidering av fylkesplanen og i rullering av handlingsprogrammet til Regional delplan for klima og energi.</p>

sjå klimatiltak på tvers av ulike samfunnssektorar. Fylkesmannen er positiv til tettare samarbeid med fylkeskommunen i klimaarbeidet		
Kap. 4 Prioriterte område for regional planlegging: Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal vart vedtatt i fylkestinget i desember 2012, og bør reviderast ved utgangen av fireårsperioden	Dette innspelet er støtte til forslag frå fylkesutvalet til RPS.	Endring i RPS: Landbruksmeldinga blir flytta frå side 32 (planar som skal vidareførast uendra) til side 20 (prioriterte nye planoppgåver).
Kap. 4 Prioriterte område for regional planlegging: Fylkesmannen er positiv til at <i>Regional delplan for inngrepsfrie naturområde</i> skal vidareførast. Kart og statistikk bør bli oppdatert.	Forslaget er å vidareføre planen slik han er, utan nokon revidering. Det vesentlege av kart og statistikk i denne planen er henta frå kjelder som blir oppdatert av andre.	Ingen endring i RPS eller regional delplan for inngrepsfrie naturområde.
Kap. 4 Prioriterte område for regional planlegging: Fylkesmannen ser regionale delplanar for samordna areal- og transportplanlegging i mindre område som eit viktig verktøy for ei tverrsektoriell og heilskapleg regional utvikling.	Dette er støtte til forslag i RPS.	Ingen endring i RPS.
Kap. 4 Prioriterte område for regional planlegging: Det er viktig at tilrådingane i FylkesROS blir følgd opp i handlingsprogramma til sektorane.	Fylkeskommunen ønsker å medverke til at FylkesROS Møre og Romsdal blir ferdigstilt. Dette bør skje tidlig i 2016 slik at vi får tatt dette inn i arbeidet med revidering av fylkesplanen og nye handlingsprogram for 2017.	Ingen endring i RPS. Innspelet blir følgd opp i arbeidet med revidering av fylkesplanen, og i utarbeiding av handlingsprogram for 2017.
Fiskeridirektoratet		
Fiskeridirektoratet region Midt vurderer det som spesielt viktig at planarbeidet i regionen legger til	Høyringsuttalen frå Fiskeridirektoratet er både opplysende og grundig, det er bra at dei set fokus på moglegheiter for	Ingen endring i RPS, men innspela blir følgd opp i

<p>rette for en lønnsom og bærekraftig utvikling innenfor fiskeri- og havbruksnæringen. Innen marin sektor er det utfordringer som det er viktig at det er fokus på, både i regional og kommunal planlegging. Det er også betydelige muligheter som må vurderes og ivaretas på best mulig måte.</p>	<p>næringa.</p>	<p>arbeidet med revidering av fylkesplanen, og i utarbeiding av handlingsprogram for 2017.</p>
<p>Mer konkrete verdi- og bidragsskapende informasjon for marin næring kan med fordel synliggjøres og omtales i kunnskapsgrunnlaget. For eksempel på en slik måte som det er gjort for maritim næring og reiselivsnæringen i «Utviklingstrekk i Møre og Romsdal».</p>	<p>Kunnskapsgrunnlaget vil ikkje bli endra no, men vi vil ha dette med oss i arbeidet til neste RPS (om fire år)– og i vårt arbeid med anna kunnskapsgrunnlag som t.d. Fylkesstatistikk, Temp og RISS.</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspelet vil bli følgt opp i seinare kunnskapsgrunnlag.</p>
<p>Direktoratet viser til at ringvirkningene fra fiskeri- og havbruksnæringen blir årsverk herfra i tillegg skaper rundt 0,8 - 1 årsverk i andre næringer. De setter fokus på leverandørindustrien til sjømatnæringen.</p>	<p>Fylkeskommunen fekk utarbeida ei ringverknadsanalyse for havbruksnæringa i 2012. Eitt av tiltaka i Handlingsprogram verdiskaping 2016 er å gjennomføre ei verdiskapingsanalyse for marine næringer i fylket.</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspelet blir følgt opp i arbeidet med revidering av fylkesplanen, og i utarbeiding av handlingsprogram for 2017.</p>
<p>Sjømatnæringen i fylket er ledende nasjonalt, og det er fortsatt et betydelig utviklingspotensial. Dette gjelder både for fiskeri- og havbruksnæringen. Med tanke på verdiskaping vil vi spesielt nevne innovasjon, økt bearbeiding og utnyttelse av ressursene, FoU og kompetanseutvikling, økt markedsorientering, gode og effektive transportløsninger og forutsigbare rammevilkår med klare føringer og planer. Utgangspunktet for dette må være god marin arealforvaltning, ressursforvaltning og havbruksforvaltning</p>	<p>Vi arbeider allereie med fleire av dei nemnte emna, bl.a. gjennom Handlingsprogram verdiskaping 2016 (t.d. om marin nyskaping og havbruksnæringas tilgang på gode lokalitetar/arealforvaltning), i tillegg til at dette går inn i FoU-strategien.</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspelet blir følgt opp i arbeidet med revidering av fylkesplanen, og i utarbeiding av handlingsprogram for 2017.</p>
<p>Fiskeri- og havbruksnæringen med tilknyttede virksomheter er en av bærebjelkene i Møre og</p>	<p>Fylkesrådmannen deler vurderinga om betydninga av fiskeri- og havbruksnæringa for Møre og Romsdal. Fylkesrådmannen</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspelet blir følgt opp i</p>

<p>Romsdal fylke. De bør etter vårt syn ha en sentral plass i en fremtidsrettet regional planstrategi. Hovedutfordringen fremover vil være å opprettholde og videreutvikle Møre og Romsdal som det ledende sjømatfylket i landet. Vi foreslår derfor at det utarbeides en Marin Strategiplan og/eller en regional næringsplan med sterk fokus på marin næring. Ambisjonen med en slik plan bør være at fylket fremstår som koordinert og målrettet innen utvikling av marin sektor. Strategiplanen må ligge til grunn for fylkeskommunens prioriteringer, og vil bidra til økt forutsigbarhet.</p>	<p>meiner satsinga på marin næring blir godt ivaretatt gjennom fylkesplan med tilhøyrande handlingsprogram og i forskning- og innovasjonsstrategien som er under arbeid. På grunn av koplingane mellom næringar knytt til havet, energi, marin og maritim, ser fylkesrådmannen det som tenleg at satsing på desse næringane blir sett under eitt, slik dei vil bli i fylkesplanen og handlingsprogram og ny Fol-strategi. Sjå elles vurdering i saksframlegget til RPS om nye strategiar på næringsområdet.</p>	<p>arbeidet med revidering av fylkesplanen, og i utarbeiding av handlingsprogram for 2017.</p>
<p>En regional delplan for sjøområdene på både Nordre Sunnmøre og Søre Sunnmøre bør etter vår vurdering være et prioritert område for regional planlegging.</p>	<p>Dette er støtte til forslag i RPS. Eit av innsatsområda i Handlingsprogram verdiskaping 2016 er å sikre ei berekraftig havbruksverksemd gjennom tilgang på gode lokalitetar, m.a. ved å stimulere kommunane til å avsette nok og gode areal. Interkommunale planar om forvaltning av sjøområde er eit godt verktøy for dette og fylkeskommunen har gitt tilskot frå Marint miljøsikrings- og verdiskapingsfond til planar for Romsdal og Nordmøre. Tilsegn til Nordre Sunnmøre trekt tilbake då arbeidet ikkje har kome i gang. Fem kommunar på Søre arbeider med ein slik plan.</p>	<p>Ingen endring i RPS.</p>
<p>Når det gjelder satsingsområdet kompetanse, er vi fortsatt av den oppfatning at kompetanseutviklingen strategisk sett bør understøtte fylkets næringsmessige satsingsområder, og kunne utnytte lokal særegen kompetanse regionalt, nasjonalt og internasjonalt.</p>	<p>Kompetanseutvikling må skje i tråd med behovet til arbeidslivet, og det er viktig å sjå kompetanseutvikling på vidaregåande og universitet og høgskole i samanheng. Det er potensial for ytterlegare samarbeid mellom utdannings- og regional- og næringsavdelinga i fylkeskommunen for å få til meir heilskapleg tenking rundt kompetanseutvikling.</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspelet blir følgt opp i arbeidet med revidering av fylkesplanen, og i utarbeiding av handlingsprogram for 2017.</p>
<p>Det er viktig, spesielt med tanke på dagens arbeidssituasjon, at det prioriteres og fokuseres ytterligere på fortrinn og muligheter for</p>	<p>Hovudmålet for satsingsområde Verdiskaping i fylkesplan 2013-2016 slår fast at internasjonalt konkurransedyktig næringsliv er viktig for Møre og Romsdal. Arbeidet med</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspelet blir følgt opp i arbeidet med revidering av</p>

<p>verdiskaping i Møre og Romsdal fylke. Etter vårt syn vil verdiskaping, kompetanse og næringsutvikling være kjerneelementer i det regionale utviklingsarbeidet, og danne basis for bosetting og levevilkår i attraktive samfunn.</p>	<p>næringsutvikling, der kompetanse er ein svært viktig faktor for framtidig vekst, er derfor høgt prioritert av fylkeskommunen</p>	<p>fylkesplanen, og i utarbeiding av handlingsprogram for 2017.</p>
<p>Statens vegvesen</p>		
<p>Regionale delplanar for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging der fylkeskommunen tar initiativ til eit veldig viktig arbeid. Statens vegvesen er allereie involvblir via bypakkearbeidet og deltar gjerne i et vidare arbeid.</p>	<p>Dette er støtte til forslag i RPS. Fylkesrådmannen viser og til Regional delplan for attraktive byar og tettstader som vart politisk vedtatt i 2015. Denne har eit eige kapittel for samordning av bustad-, areal- og transportplanlegging. Der ligg fokusområda som blir følgd opp i fylkeskommunens arealplanarbeid. Dersom kommunane ønsker regional delplan(ar) for for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, er det svært positivt at SVV vil delta i vidare arbeid.</p>	<p>Ingen endring i RPS. Innspelet blir tatt til orientering.</p>
<p>Ungdommens fylkesting</p>		
<p>Har gitt innspel på kva dei meiner er dei fem viktigaste tiltaka for å få til positiv utvikling i Møre og Romsdal på områda inkludering, sentrumsutvikling, kultur- og fritidstilbod, kompetanse, verdiskaping, samferdsel, oppvekstvilkår/folkehelse/tannhelse og berekraftig bruk av areal- og naturressursar. I tillegg har dei rangert kva som er viktigast for å få barn og unge til å trivast i Møre og Romsdal og kva som skal til for at dei vil velje å busette seg i fylket når dei er ferdige med utdanninga si.</p>	<p>Ungdommens fylkesting har jobba systematisk med desse spørsmåla, og komme med forslag til konkrete utviklingstiltak.</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspela blir følgt opp i arbeidet med revidering av fylkesplanen, og i utarbeiding av handlingsprogram for 2017.</p>
<p>Eldrerådet</p>		
<p>Eldrerådet utfordrar fylkeskommunen til å ta inn følgjande problemstillingar i planarbeidet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Hvordan vil eldreveksten påvirke samfunnsutviklingen og lokalsamfunnene i 	<p>Fylkesrådmannen er samd i at konsekvensane av eldreveksten ikkje er tilstrekkeleg dekkja i kunnskapsgrunnlaget. Vi samarbeider gjerne med eldrerådet om å få til mer statistikk om gruppa eldre t.d. i Fylkesstatistikk.</p>	<p>Ingen enringar i RPS, men innspela blir følgt opp i arbeidet med revidering av fylkesplanen, og i</p>

<p>Møre og Romsdal?</p> <ul style="list-style-type: none"> - Rask nedbygging av kommunens helsetilbud til syke, skrøpelige og demente eldre – oppbygging tar lang tid - Hva med eldre og aktivitetstilbud tilpasset eldre? - Hva med eldre og samferdsel? Flere som ikke kan bruke egen bil. Tjenestetilbud sentraliseres i stort tempo. Mange eldre kan ikke bruke data. - Hva med eldre og kulturtilbud tilpasset aldersgruppen? - De største kostnadsdriverne innen eldreomsorgen er uttrykt å være fall, ensomhet og kognitiv svikt. Hvordan møte den utfordringen? - Den største utfordringen i eldreomsorgen hevdes å bli mangelen på helsepersonell. Hvordan skal den utfordringen møtes? - Hva blir fylkeskommunens oppgave i å møte kommende vekstutfordringer som følger av den store eldreveksten i kommende år? 	<p>Eldrerådet tek opp fleire viktige problemstillingar i sitt høyringsinnspel, nokre av dei må adresserast til kommunane, medan andre gjeld fylkeskommunale tenestetilbod. Innspelet er ei påminning til administrasjonen om å ha merksemd på den eldre målgruppa når vi planlegg tenesteproduksjonen på samferdsel og kultur. Utdanningsavdelinga har ei sentral rolle i å få utdanna tilstrekkeleg med helsefagarbeidarar. Det siste spørsmålet er retta mot fylkeskommunen som regional utviklar, og er eit tema som er naturleg å ta med inn i arbeidet med revidering av fylkesplanen.</p>	<p>utarbeiding av handlingsprogram for 2017.</p>
<p>Nord-Trøndelag fylkeskommune</p>		
<p>Planstrategien er i tråd med det samarbeidet som er mellom fylka om Regional transportplan, kystskogbruket og regionalt forskingsfond.</p>	<p>Innspelet er støtte til forslag i RPS.</p>	<p>Ingen endring i RPS.</p>
<p>Sør-Trøndelag fylkeskommune</p>		
<p>Den pågående nasjonale prosessen med soneinndeling langs kysten aktualiserer en tettere dialog og mulig felles strategier for forvaltning av kystsonen i Sør-Trøndelag og på Nordmøre.</p>	<p>Fylkesrådmannen er positiv til tettare dialog om kystsoneforvaltninga. Kommunane Aure og Smøla har allereie utstrakt dialog på generelt grunnlag. På Nordmøre er det igangsett interkommunal kystsonoplanlegging.</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspelet blir følgt opp i arbeidet med interkommunal plan på</p>

	Nabokommunane i Trøndelag vil få planforslaget til høyring.	Nordmøre.
Tilsvarende bør det legges til rette for et samarbeid om redusert klimautslipp fra ferge- og hurtigbåttrafikken.	Fylkesrådmannen viser til Regional delplan for klima og energi som har eige kapittel om samferdsel. Målet er at klimagassutsleppa frå transportsektoren skal reduserast med 10 prosent frå 2009 til 2020. Dette kan det m.a. arbeidast med i samband med ny ferjestrategi.	Ingen endring i RPS, men innspelet kan vere relevant å følgje opp i arbeidet med ny ferjestrategi.
Sandøy kommune		
<p>Støttar fylkesutvalet sine forslag om:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Bulyst må også styrkast utanom tettstadane. Det skal definerast ei særskilt satsing for å utvikle vekstkraft i område med jamn folketalsnedgang - Planlegging bør omfatte både havrommet og kystsonen - Utvikling av ny strategi eller grunnlagsdokument under tema integrering for korleis handtere flyktningstraumar - Regional delplan for tettstader og byar skal rullerast innan 3 år - Miljø og klima må vere gjennomgåande perspektiv i fylkesplanen - Utvikle strategi for etablering av fleire statlege arbeidsplassar i Møre og Romsdal 	<p>Innspela er støtte til tilleggsforslag frå fylkesutvalet i utkast til RPS. Sjå vurdering i saksframlegget.</p> <p>På bakgrunn av vedtak i fylkesutvalet er det eit tiltak i Handlingsprogram Verdiskaping 2016 å utgreie ei satsing retta mot kommunar med sterk nedgang i folketallet.</p> <p>Utan arbeidsinnvandring ville folketalsutviklinga for Møre og Romsdal dei seinare åra vore negativ. Integrerings av arbeidsinnvandrings har vore ei viktig oppgåve for regional- og næringsavdelinga, og vi har støtta mange prosjekt knytt til dette arbeidet. Fylkesrådmannen ser det ikkje som tenleg med ein strategi for flykningestraumar, men at utfordringa knytt til dette vert tatt inn i arbeidet med integrering i revidering av fylkesplan.</p> <p>Det er eit eget tiltak i Handlingsprogram Verdiskaping 2016 om å arbeide strategisk saman med kommunane for å få lokalisert fleire statlege arbeidsplassar i Møre og Romsdal.</p>	Ingen endring i RPS, men innspela blir tatt med inn i arbeidet med strategi for innovasjon i offentleg sektor i 2016.
<p><i>Forsknings- og innovasjonsstrategi</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - I ein ny strategi må offentleg innovasjon takast inn som tema og vere ein vesentleg del av satsinga. - Regjeringa sin gründerplan «Gode ideer – fremtidens arbeidsplasser» må 	<p>Innovasjon i offentleg sektor er ei viktig tema, og det skal lagast ein eigen prosess for innovasjon i offentleg sektor i 2016. Som for strategiprosessen for privat sektor, vert det lagt stor vekt på forankring og medverknad frå aktørane.</p> <p>Entreprenørskap er viktig for innovasjon, og er derfor ein</p>	Ingen endring i RPS, men innspela blir tatt med inn i arbeidet med strategi for innovasjon i offentleg sektor i 2016.

innarbeidast som grunnlag i ein slik strategi.	viktig del av arbeidet med ny forskning- og innovasjonsstrategi. Entreprenørskap er eit viktig satsingsområde for fylkeskommunen, og fylket har eit velutvikla system for entreprenørskap. Regjeringa sine tre satsingsområder i gründerplanen er i tråd med fylkeskommunens arbeid. Dei tre områda er: 1. Betre tilgang på kapital i tidlig fase 2. Auka tilgang på kompetanse 3. Eit meir attraktivt gründerland	
<i>Ferjestandard og Utvikling av fylkesvegnettet - grunnlagsdokument til satsingsområdet samferdsel</i> Er dette å tenkje som anbudsgrunnlag/ kriterium til akseptabel kvalitet og kapasitet må kommunane få medverke direkte i kravsspesifikasjonen	Møre og Romsdal fylkeskommune er i gang med å utarbeide ein ny ferjestrategi der grunnlaget for kvalitet og kapasitet blir lagt inn. Kravsspesifikasjonar på ferjeandbod som bygger på ferjestandarden, blir send på høyring til berørte kommunar.	Ingen endring i RPS, men innspelet blir tatt til orientering og kan drøftast vidare på samferdselsavdelinga sitt regionale møte med kommunane
Det bør vurderast som del av klima-, energi, areal- og transportplanlegginga å sjå på behovet for ein samla hamnestrategi for Møre og Romsdal	Ansaret for fylket sine 5 stamnetthamner, samt utbygging av statlege fiskerihamner, er Kystverket sitt ansvar. Fylkeskommunen samarbeider med kystverket i saker om hamner.	Ingen endringar i RPS, men det vil bli vurdert å gi innspel om hamner i høyringsinnspelet til NTP.
Sandøy kommune ser fordelane med ein samla kystzoneplan for Nordre Sunnmøre . Det er viktig at ein samla kystzoneplan både tek inn vurderingar knytt til areal for marin næring, areal til vindkraft og ymse verneområde. Ein plan bør binde saman aktivitet i kystzone og havområdet. Fortrinnsvis bør fylket sjølv ta ansvar for å utvikle ein samla havområdeplan for Møre og Romsdal.	Det er støtte til forslag i RPS med innspel til innhald i plan. Når det gjeld havområdeplan så er kommunane og dermed fylkeskommunane sitt arealplanmynde avgrensa til ei nautisk mil utanfor grunnlinja (yttarste utskjæra).	Ingen endring i RPS, men innspelet blir tatt til orientering.
Det framgår ingen stader i Regional planstrategi kva Møre og Romsdal fylkeskommune har av digitaliseringsambisjon er for å understøtte nasjonal digitaliseringsstrategi. Kommunane i	Møre og Romsdal fylkeskommune har i revidert IT-strategi eit sentralt mål om å gjere fylkeskommunen meir effektiv gjennom digitalisering av arbeidsprosessar. Denne er ferdig i mars i år.	Ingen endring i RPS men innspelet blir tatt til orientering.

eKommune Sunnmøre har under arbeid ny digitaliseringsstrategi, og skal vi nå våre kommunale ambisjonsnivå vil vi vere avhengig av at og fylket løftar saman med oss i åra som kjem.	Ingen av fylkeskommunen sine interne administrative strategiar er nemnt i RPS. Der er dei planane og strategiane som krev ekstern medverking prioritert. Administrasjonsavdelinga er positiv til å dele kompetanse og erfaring i arbeidet med digitalisering. Sjå og vurdering i saksframlegg til RPS.	
Støtter innretning på Fylkesplan , og noverande oppbygging. Vi meiner særskilt at satsingsområdet Verdiskaping bør vere som no, og ikkje innarbeidast som del av satsingsområdet kompetanse. Dette for å sikre gjenkjenning og vidareføring av god praksis for brukarane.	Samanslåing av satsingsområde er ei endring vi har til vurdering i fylkesplanen og vi sett pris på å få tilbakemelding på dette. Omsynet til gjenkjenning er eit viktig omsyn ved revidering av fylkesplanen. Fleire høyringsinstansar rår oss likevel til å slå saman satsingsområda verdiskaping og kompetanse. Dette er også ei nasjonal forventning.	Ingen endring i RPS, mens innspela blir tatt med inn i arbeidet med revidering av fylkesplanen.
Vanylven kommune		
Det burde vore tatt opp meir og synleggjort utfordringane knytt til korleis fylket og kommunane skal handtere flyktningstraumen	Utkast til RPS vart utarbeidd før den store auken i talet på flyktingar. Her er det behov for ei oppdatering. Fylkesrådmannen foreslår derfor eit tillegg i RPS om dette. Fylkesrådmannen ser behov for meir informasjon om korleis kommunane og samfunnet skal handtere innvandring, både arbeidsinnvandrarar og flyktingar. Fylkesrådmannen meiner ein ikkje bør sjå flyktningstraumen isolert, men ta det inn i arbeidet med intergrering. Sjå elles vurdering i saksframlegget om dette temaet.	Tillegg s. 10, nytt avsnitt 3 under 3.1. Bulyst, inkludering og sentrumsutvikling: «Ei anna demografisk endring som vil kreve innsats frå offentlege aktørar, lokalsamfunn og næringsliv no og i åra som kjem er den store auken i talet på flyktingar».
Vanylven kommune ber om at det blir utarbeid ein "utviklingsplan for vidaregåande skular" i Møre og Romsdal.	Gjennom fire regionale prosjekt arbeider ein nå med å vurdere tilbod og skulestrukturen i regionane. Søre Sunnmøre er allereie ferdig, men blir handsama samtidig med dei tre andre delrapportane i fylkestinget i desember.	Ingen endring i RPS, men innspelet blir følgt opp av utdanningsavdelinga i eige prosjekt.
Vanylven kommune ber om at det blir starta opp eit forarbeid på avgrensa delplan for samordna areal- og trafikkplanlegging for Søre Sunnmøre eller Ytre Søre Sunnmøre.	Innspelet er ei støtte til forslag i RPS. Fylkeskommunen vil følgje opp lokale initiativ som vist i RPS.	Ingen endring i RPS, men innspelet blir tatt til orientering.

Vanylven kommune ber om at Møre og Romsdal fylkeskommune sett av økonomiske og planfaglege ressursar til å bidra i eit arbeid med interkommunal kystsoneplan for Søre Sunnmøre.	Innspelet er ei støtte til forslag i RPS, med presisering om økonomisk og fagleg støtte. Når det gjeld fylkeskommunal støtte til interkommunal kystsoneplan viser fylkesrådmannen til Marint miljøsikrings- og verdiskapingsfond der kommunane kan søke midlar til utgreiing og kartlegging i samband med oppdatering av kystsoneplanar i kommunane i fylket. Sjå http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Regional-og-naeringsutvikling/OEkonomisk-stoette/Marint-miljoesikrings-og-verdiskapingsfond	Ingen endring i RPS, men innspelet blir tatt til orientering.
Herøy kommune		
Same innspel som Vanylven kommune over.	Sjå vurdering av forslag frå Vanylven kommune. Saksframlegget frå kommunen inneheld nyttig utdjuping av punkta kompetanse og verdiskaping, samordna areal- og transportplanlegging, integrering og asylpolitikk og interkommunal kystsoneplan.	Sjå Vanylven kommune over.
Herøy kommune støttar fylkeskommunen sine tankar om ei sterkare kopling mellom satsingsområda «kompetanse» og «verdiskaping» og Herøy kommune har sjølv eit satsingsområde i Kommuneplanen sin samfunnsdel som heiter «kompetanse og næringsutvikling» då vi meiner dette må sjåast i samanheng.	Dette er ei endring vi har til vurdering i fylkesplanen og vi sett pris på å få tilbakemelding på dette.	Ingen endring i RPS, men blir følgt opp i arbeidet med revidering av fylkesplanen.
Hareid kommune		
Same innspel som Vanylven kommune over.	Saksframlegget frå kommunen inneheld nyttig utdjuping av punkta samordna areal- og transportplanlegging, integrering og asylpolitikk og interkommunal kystsoneplan.	Sjå Vanylven kommune over.
Hareid kommune støttar fylkeskommunen sine tankar om ei sterkare kopling mellom satsingsområda «kompetanse» og «verdiskaping».	Dette er ei endring vi har til vurdering i fylkesplanen og vi sett pris på å få tilbakemelding på dette.	Ingen endring i RPS, men blir følgt opp i arbeidet med revidering av

Hareid kommune har sjølv eit satsingsområde i Kommuneplanen sin samfunnsdel som heiter «Næring - kompetanseutvikling», då vi meiner dette må sjåast i samanheng.		fylkesplanen.
Rauma kommune		
Planstrategien må i langt sterkare grad rette fokus mot korleis Møre og Romsdal blir berørt av at Norge som nasjon no går fra særstilling som oljenasjon til omstilling mot ei meir usikker framtid som utfordrar både nærings- og samfunnsliv i fylket vårt	Fylkesrådmannen er samd i at Møre og Romsdal står ovanfor store omstillings- utfordringar i åra som kjem. Dette er eit tema som vil bli utdjupa i arbeidet med revidering av fylkesplanen.	Ingen endring i RPS, men innspelet blir følgt opp i arbeidet med revidering av fylkesplanen.
Planstrategien må drøfte og legge til rette for nye og mindre instrumentelle samhandlingsformer mellom kommunane og fylkeskommunen i utvikling av fylket vårt	Fylkesrådmannen er samd i at spekteret av samhandlingsformer med kommunane kan bli breiare og at meir dialog kan bli tatt tidleg i planprosessane. Fylkesrådmannen meiner dette er dekt inn på side 6 i forslag til RPS, der står det at fylkeskommunen er opptatt av å få til betre samarbeid og tidleg involvering av ulike partar.	Ingen endring i RPS, men innspelet blir tatt til orientering.
Revisjon av fylkesplanen må gjere tydelige prioriteringar til fordel for fylkeskommunens rolle som aktiv regional utviklingsaktør i ein situasjon der fylkeskommunen må redusere drifts- og investeringsnivået sitt.	Fylkesrådmannen er samd i at fylkesplanen bør ha nokre overordna tverrsektorielle samfunns mål i tillegg til måla for dei meir sektoriserte satsingsområda. I ein situasjon der dei økonomiske rammene er strammare, blir det enno viktigare å nytte fylkesplanen som det prioriteringsverktøyet det er.	Ingen endring i RPS, men innspelet blir følgt opp i arbeidet med revidering av fylkesplanen.
Tingvoll kommune		
<i>Areal- og transportplanlegging</i> Interkommunal plan for areal- og transportplanlegging for Kristiansundsregionen er interessant også for Tingvoll kommune som ligger sentralt til kommunikasjonsmessig på Nordmøre	Dette innspelet er ei støtte til forslag i RPS.	Ingen endring i RPS.
<i>Bolyst</i>	På bakgrunn av vedtak i Fylkesutvalet er det eit tiltak i	Ingen endring i RPS, men

<p>Tingvoll kommune meiner det er svært viktig at fylkeskommunen fremdeles prioriterer tettstedsutvikling for å skape lokal og regional attraktivitet. Kommunen støtter fylkesutvalgets tillegg til planforslaget på dette punktet; «Bulyst må også styrkast utanom tettstadene. Det skal definerast ei særskilt satsing for å utvikle vekstkraft i område med jamn folketalsnedgang.»</p>	<p>Handlingsprogram Verdiskaping 2016 å utgreie ei satsing retta mot kommunar med sterk nedgang i folketallet.</p> <p>Sentralt for bulyst er kultur- og fritidstilbod. Gjennom tett samhandling med kommunane og andre kan også kulturavdelinga vere med på å utvikle store og små tettstader. Sentralt her er tilskot til kultur- og idrettsbygg og friluftslivanlegg. Tettstadsutvikling handlar også om korleis kommunane lokaliserer og tek i bruk sine egne tilbod, som t.d. bibliotek og kulturskular.</p>	<p>innspelet blir følgt opp i revideringa av fylkesplanen og i utarbeiding av handlingsprogramma.</p>
<p><i>Kultur</i> Tingvoll kommune støtter at kultur i utvidet betydning fortsatt skal være et satsingsområde i fylkesplanen. Fylkeskommunen bør i revisjonen av sitt planarbeid løfte fram det fleirkulturelle samfunnet og kultur som en ressurs for bosetting og verdiskaping hos folk som kommer fra ulike deler av verden. Regional delplan for museum er viktig også for Nordmøre og Tingvoll.</p>	<p>Desse innspela er i samsvar med fylkeskommunens egne perspektiv i høve til den vidare satsinga på og utvikling av kulturfeltet. Innrettinga er allereie synleg i Handlingsprogram for kultur 2016.</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspelet blir følgt opp i revideringa av fylkesplanen og i utarbeiding av handlingsprogram for Kultur.</p>
<p><i>Barn og unge og folkehelse</i> Tingvoll vil understreke betydningen av barn i folkehelsearbeidet. Gode oppvekstvilkår er viktig for framtidig bosetting i fylket. I folkehelsearbeidet bør barn være et perspektiv både knyttet til livsstil, levekår, å hindre utenforskap og fremme god psykisk helse gjennom aktivitet og vennskap.</p>	<p>Barn og unge er ei viktig målgruppe for fylkeskommunale tenester. Barn og unge er viktige i folkehelsearbeidet i fylket og er til dømes det området med flest resultatmål i gjeldande Regionale delplan for folkehelse. Betydinga av gode oppvekstvilkår for barn, som igjen er med på å leggje grunnlag for god helse, er godt teke i vare i planstrategien i ulike kapittel.</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspelet blir følgt opp i rulleringa av handlingsprogrammet til Regional delplan for folkehelse.</p>
<p><i>Helse</i> Helse er i minkende grad en sektor. Helse er et tema som fylkeskommunen bør fremme som et innovasjonsområde i det offentlige, en stor mulighet for teknologiutvikling og tjenesteinnovasjon, og et område der helse kan bli næring med en eldre befolkning i Norge og Europa.</p>	<p>Fylkesplanen er tenkt innretta mot dei områda der vi har verkemiddel til å få gjennomført tiltak. Fylkeskommunen sitt ansvar er først og fremst på førebyggande helsearbeid. Dette blir følgt opp i Regional delplan for folkehelse. Innovasjon i offentlig sektor vil bli ein del av FOI-strategien som er under utarbeiding. Her bør helse som næring også vurderast.</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspelet blir følgt opp i revideringa av fylkesplanen og i utarbeiding av FOI-strategi for offentlig sektor.</p>

<p>En bør vurdere å gjøre helse til et av 4-5 hovedtema i fylkesplanen.</p>		
<p><i>Samferdsel</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Standard på fylkesvegene er viktig for å opprettholde næringsliv og bosetting i distriktene. Blant annet har det i Tingvoll stor betydning for uttransport av store kvanta tømmer at fylkesvegnettet har tilstrekkelig standard. Det må lages plan for utbedring/opprusting av punkter eller strekninger med for lav tillatt aksellast. - Det bør arbeides for å gjennomføre fylkesvegprosjekter samtidig med riks-/europavegprosjekter, for eksempel ny Fv 302 på Meisingset når ny Rv70 bygges. - Det bør arbeides for å løse problemer knyttet til dårlige kryssløsninger på stamvegnettet som kan bli et hinder for lokal utvikling, for eksempel kryssløsningen på E39 Einsetområdet på Aspøya i Tingvoll. - Arbeidet med planlegging av gang-/sykkelveg må videreføres. - Fokus på trafiksikkerhet må opprettholdes. - Gang og sykkelveg - Vågbø 	<p>Det blir arbeid med kartlegging av bæreevne på bruene. Eventuelle tiltak må sjåast i samheng med andre behov.</p> <p>Når det er synergieffektar mellom statlege og fylkeskommunale prosjekt blir samordning forsøkt så langt det er mogleg. Dette er i enkelte tilfelle avhengig av at det er politisk vilje til å endre rekkefølge på prioriteringar i investeringsprogrammet for fylkesveggar.</p> <p>Dette skjer gjennom dei etablerte planprosessane.</p> <p>Fylket bygger ut gang og sykkelveggar i samsvar med politiske prioriteringar.</p> <p>Dette må takst opp i regionalt møte.</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspela blir tatt til orientering og kan drøftast vidare på samferdselsavdelinga sitt regionale møte med kommunane.</p>
<p><i>Miljø og klima</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - For økokommunen Tingvoll vil det være naturleg å framheve at miljø og klima fortsatt skal være et av de gjennomgående perspektivene i fylkesplana fordi det på ulike måter påvirker ander samfunnsområder vesentlig. - Fylkeskommunen bør fremme satsing på 	<p>Miljø og klimautfordringane vil vere viktige drivarar for samfunnsutviklinga framover. Gjennom Regional delplan for klima og energi vil fylkeskommunen ta inn fleire aspekt som Tingvoll kommune trekk fram.</p> <p>Å legge til rette for fornybar energi er ein viktig del av fylkeskommunen si satsing Energiregion Møre.</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspela blir følgt opp i arbeidet med FOI-strategien, i revideringa av fylkesplanen og revidering av landbruksmeldinga.</p>

<p>fornybar energi, det offentlige som etterspør økologisk mat, ENØK i offentlige bygg, og satsing på bærekraftig forbruk. Regionen bør fremme de grønne næringene. Vi støtter fylkesutvalgets formulering om (...)Regional strategi for utvikling av bioøkonomien utviklast gjennom eit grunnlagsdokument for satsingsområde verdiskaping og kompetanse.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tingvoll som økokommune ligger allerede i front av «grønn utvikling». Med planer om Økopark og utvikling av grønn klynge innenfor industri, landbruk, skogbruk og oppdrettsnæring. 	<p>Bærekraft vil vere ein føresetnad for næringslivet framover, men det vil og kunne vere eit konkurransefortrinn.</p> <p>Bioøkonomi vil vere eit viktig tema både i ny Fol-strategi, i revidering av fylksplanen og i arbeidet med ny landbruksmelding.</p>	
<p><i>Kommunereform</i> For å hindre en sterk sentralisering bør fylkeskommunen fremme strategier for regional balanse både mellom fogderiene i fylket, og mellom byer og omland.</p>	<p>Fylkesrådmannen er samd i at det er ei sentral utfordring for fylket at stadig fleire bur i byar og tettstader – og mange bygder opplev fråflytting.</p> <p>I handlingsprogram for verdiskaping 2016 er det lagt inn følgjande tiltak: Utgreie ei satsing retta mot kommunar med sterk nedgang i folketalet, jf. vedtak i Fylkesutvalet 26.10.2015.</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspelet blir følgt opp i fylkesplanarbeidet når resultat av utgreiinga ligg føre.</p>
<p><i>Kompetanse</i> Formannskapet i Tingvoll vil påpeke behovet for klare strategier for å utvikle videregående skoler på Nordmøre, inkludert offensive strategier for utvikling av Tingvoll VGS i tråd med siste års utvikling av utdanningstilbudene.</p>	<p>Viser til svar til Vanylven. I tillegg vil det vere løpande samhandling mellom Tingvoll vgs og utdanningsavdelinga når det gjeld å dimensjonere tilbudet ved skulen. Dette skjer mellom anna gjennom arbeidet med skolebruksplanen.</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspelet blir følgt opp av utdanningsavdelinga i eige prosjekt og i skolebruksplanen.</p>
<p><i>Stranda kommune</i></p>		
<p>Det må arbeidast med påverknad for Rv15 Strynefjellet. (NTP)(Ny tunell m/sambinding til Geiranger)</p>	<p>Dette blir det arbeidd med vidare med gjennom NTP-prosessen.</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspelet blir tatt med vidare i NTP-prosessen.</p>
<p>Grunnlagsdokument for ferjestandard er viktig for</p>	<p>Møre og Romsdal fylkeskommune arbeider med ferdigstilling</p>	<p>Innspelet blir tatt til</p>

samferdsel.	av ein ny ferjestrategi.	orientering og kan drøftast vidare på samferdselsavdelinga sitt regionale møte med kommunane.
Fv60 er ei vesentleg samferdselsåre for Stranda kommune og indre region. Møre og Romsdal Fylkeskommune og Sogn og Fjordane Fylkeskommune må arbeide for felles løysing på denne viktige sambindinga.	Møre og Romsdal fylkeskommune har hatt møte med Hornindal/ Stranda kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Vi har og teke opp moglegheita for regulerings-planlegging gjennom Statens vegvesen.	Som over.
Vidare arbeid med FylkesROS er viktig.	Fylkeskommunen ønsker å medverke til at FylkesROS Møre og Romsdal blir ferdigstilt. Dette bør skje tidlig i 2016 slik at vi får tatt dette inn i arbeidet med revidering av fylkesplanen og nye handlingsprogram for 2017. Fylkeskommunen sitt ansvar for samfunnstryggleik og beredskap er i første rekke eit sektoransvar på våre tenesteområde. Fylkeskommunen har ikkje same kompetansen som Fylkesmannen på dette området, og det er Fylkesmannen som har det koordinerande ansvaret for samfunnstryggleik og beredskap i Møre og Romsdal. Som regional utviklingsaktør og planmynde er dette likevel eit tema som fylkeskommunen er opptatt av og som vi vil samarbeide med Fylkesmannen om.	Ingen endring i RPS. Innspelet blir følgt opp i arbeidet med FylkesROS Møre og Romsdal, i revidering av fylkesplanen, og i utarbeiding av handlingsprogram for 2017.
Kystsoneplan er eit viktig verkemiddel for utvikling av havbruksnæringa, også i indre fjordstrøk.	Innspelet er ei støtte til forslag i RPS.	Ingen endring i RPS, men innspelet blir tatt til orientering.
Skodje kommune		
<i>Forsknings- og innovasjonsstrategi</i> <ul style="list-style-type: none"> - I ein ny strategi må offentlig innovasjon takast inn som tema og vere ein vesentleg del av satsinga. - Regjeringa sin gründerplan «Gode ideer – fremtidens arbeidsplasser» må 	Sjå vurdering av same innspel frå Sandøy kommune.	Ingen endring i RPS, men innspela blir tatt med inn i arbeidet med strategi for innovasjon i offentlig sektor i 2016.

innarbeidast som grunnlag i ein slik strategi		
<p><i>Digitiseringsambisjon for fylkeskommunen</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Som tydeleg medspelar regionalt og del av forvaltninga saman med statlege organ og kommunane, meiner vi det er problematisk om ikkje fylket omtaler dette i ein eller anna form i planstrategien - Kommunane er avhengige av at fylket her er med og løftar samane med oss i åra som kjem 	Sjå vurdering av same innspel frå Sandøy kommune og i saksframlegget til vedtak av RPS.	Sjå Sandøy kommune
<p><i>Interkommunalt plansamarbeid – areal – og transportplanlegging</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Ikkje konkludert på regionale utfordringar enno, men punkt i kap. 4 om prioritering av «regionale delplanar for samordna areal- og transportplanlegging i mindre område» kan treffe godt 	Innspelet er støtte til forslag i RPS.	Ingen endringar i RPS, men innspelet blir tatt til orientering.
<p><i>Støttar fylkesutvalet sine punkt om:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Utvikling av ny strategi eller grunnlagsdokument under tema integrering for korleis handtere flyktningstraumar - Regional delplan for tettstader og byar skal rullerast innan 3 år. - Miljø og klima må vere gjennomgåande perspektiv i fylkesplanen - Utvikle strategi for etablering av fleire statlege arbeidsplassar i Møre og Romsdal 	Innspela er støtte til tilleggsforslag frå fylkesutvalet i utkast til RPS. Sjå vurdering i saksframlegget av fylkesutvalet sine tillegg.	Sjå tilråding i saksframlegget.
Molde kommune		
<p><i>Utfordringar for Møre og Romsdal</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Det er viktig med gode strategier for utvikling av verdiskaping og kompetanse. Det er positivt at det i høringsdokumentet 	Dette er ei endring vi har til vurdering i fylkesplanen og vi sett pris på å få tilbakemelding på dette.	Ingen endringar i RPS, men innspelet blir følgt opp i arbeidet med revidering av fylkesplanen.

er pekt på at en i større grad må se verdiskapning og kompetanse i sammenheng.		
<p><i>Nasjonal transportplan</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Høringsdokumentet peker på at det er viktig å sikre utbygging av Møreaksen i Nasjonal transportplan. Molde kommune støtter dette utsagnet. Det er imidlertid viktig at utbyggingen av nye E39 fra Julebøen og gjennom Molde også blir prioritert og koordinert i Nasjonal transportplan. 	Fylkesrådmannen er samd i at E39 Julbøen – Bolsønes må følgjast opp i høyringsinnspelet til NTP. Fylkeskommunen vil kople på kommunane i høyringsprosessen, og då blir det viktig at Molde kommune spelar inn strekninga her.	Ingen endringar i RPS, men innspelet blir tatt til orientering og kommunane får forslag til NTP til høyring.
<p><i>Kollektivstrategi</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Molde kommune kunne ønsket at denne strategien ble mer ambisiøs. Trass i en satsting på området, er det fortsatt store utfordringer. 	Fylkesrådmannen meiner strategien allereie er svært ambisiøs på Molde by sine vegne fordi målet er ein kollektivandel på 10 % i 2030. Utfordringane er knytte til å konkretisere strategien, samt å få på plass økonomiske rammer og insentivordningar for å gjennomføre strategien. Her ønsker fylkesrådmannen å samarbeide med Molde kommune for å samordne interesser ovanfor statlege myndigheiter.	Ingen endringar i RPS, men innspelet blir tatt til orientering og kan drøftast vidare på samferdselsavdelinga sitt regionale møte med kommunane.
<p><i>Kompetanse/integrering</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Fylkeskommunen må være mer aktiv i forhold til flyktninger og integrering innen videregående utdanning. - Det er viktig at fylkeskommunen jobber langt tettere med kommunene i integreringsarbeidet. 	Fylket vårt vil oppleve ei markant auke i talet på innvandrara. Utdanningssektoren har sagt at dette blir eit av dei viktigaste temaa i 2016. Samhandling mellom skolane og kommunane er viktig, og vi legg opp til prøveprosjekt der ein ser på betre samhandling mellom nivåa.	Ingen endringar i RPS, men innspelet blir følgt opp i arbeidet med revidering av fylkesplanen.
<p><i>Forslag til nye planer</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Molde kommune vil her spesielt trekke fram arbeidet med forsknings- og innovasjonsstrategi. Dette vil være et svært viktig område. Skal vi utvikle bredden i næringslivet, er denne strategien viktig 	<p>Fleire av innspela er støtte til forslag i RPS.</p> <p>Når det gjeld ei satsing retta mot fråflyttingsområde, vil fylkesrådmannen i første omgang utgreie dette. Det er sett opp som tiltak i handlingsprogram verdiskapning for 2016 på bakgrunn av vedtak i fylkesutvalet. Kva innretting ei slik satsing skal ha, kan først skje etter at denne utgreiinga er</p>	Ingen endringar i RPS. Sjå tilrådingar i saksframlegget til RPS.

<ul style="list-style-type: none"> - Innspill til nasjonal transportplan vil også være svært viktig for vår region og fylket for øvrig - Ny satsing for å utvikle vekstkraft i område med jamn folketalsnedgang må vurderast i forhold til dei satsingane vi har der målet er vekst i både by- og landkommunene (Byen som regional motor og Byregionprogrammet) - Stiller spørsmål om det er riktig med en egen strategi eller grunnlagsdokument for håndtering av flyktningestrømmer utarbeidet av fylkeskommunen. Dette er i dag en kommunal oppgave der samhandlingen går mellom regjeringen og kommunene der fylkesmannen ofte blir brukt som ressursinstans. 	<p>gjennomført. Sjå elles vurdering i saksframlegg til RPS.</p> <p>Fylkesrådmannen ser at det er mykje fylkeskommunen kan gjere for betre integrering av innvandrarar – først og fremst på våre tenesteområde. Ein eigen strategi berre for flyktningar vil ikkje vere dekkande. Integrering vi vere eit sentralt tema i revidering av fylkesplanen. Når det gjeld flyktningar er fylkesrådmannen samd i at et er fylkesmannen som har det koordinerande ansvaret for flyktningar i fylket. Sjå elles vurdering i saksframlegg til RPS.</p>	
<p><i>Regional samhandling</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Forslaget til Interkommunal plan for Romsdalsfjorden bli lagt fram for politisk behandling i februar 2016. - En annen plan som Molde kommune vil trekke fram er regional delplan for klima og miljø. Dette er også et viktig felles område for regional samhandling. - Byregionsprogrammet eller Byen som regional motor har ikke status som regionale delplaner. Dette er prosjekt som skal se næring og bostedsutvikling under ett for kommunene. Prosjektene kan føre til behov for regionale delplaner. 	<p>Fylkesrådmannen deler synet til Molde kommune om at regional delplan og klima og energi er eit viktig område for regional samhandling, og vil løfte dette inn i oppfølging av delplanen. Dette ligg allereie inne i handlingsprogrammet for klima og energi 2016, og vil vere eit fokusområde i åra framover.</p> <p>Prosjektet Byen som regional motor er forankra i Fylkesplan 2013-2016, der byane som motor for regional utvikling er framheva, og i mål 1 som heiter: «Sentrum i byar og tettstader i Møre og Romsdal skal by på attraktive tenester og opplevingar for innbyggjarar og besøkande». Dette er følgt opp med eige innsatsområde i Handlingsprogram verdiskaping.</p> <p>Fylkesrådmannen tar sikte på at prosjekta i Byen som regional motor framleis kan bli ivaretatt gjennom fylkesplanen.</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspela vil bli følgt opp i arbeidet med Regional delplan for klima og energi og arbeidet med revidering av fylkesplanen.</p>
<p><i>Generell kommentar</i> Molde kommune mener at høringsdokumentet</p>	<p>Dei viktigaste planoppgåvene er oppsummert i kapittel 4 i RPS. Her er også sett opp tidsplan for dei ulike</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspelet blir følgt opp i</p>

burde tydeliggjort de aller viktigste oppgavene å få løst i kommende planperiode og prioritert disse i tid.	planoppgåvene. Prioritering av dei viktigaste oppgåvene å få gjennomført, skal gjerast i fylkesplanen.	arbeidet med revidering av fylkesplanen.
Neset kommune		
Neset kommune mener det er aktuelt å sette i gang prosess for å lage regional(e) delplaner for samordnet areal- og transportplanlegging. For å involvere kommunene på en god måte i planprosessen kan f.eks dette arbeidet organiseres med ei styringsgruppe og ei administrativ arbeidsgruppe med representanter fra utvalgte kommuner. Oppstart av planarbeidet bør forventes til år 2017, da strukturen av ny kommunereform er mer avklart.	Dette er støtte til forslag i RPS med råd til tidsplan og prosess.	Ingen endring i RPS, men innspelet blir tatt til orientering.
Fylkeskommunen bør foreta en vurdering av hvordan transportstrategien for gående og syklende i Møre og Romsdal 2010-2019 kan følges opp med mer offensiv planlegging slik at flere strekninger kan bli klarert til utbygging. Det å satse på bygging av gang- og sykkelveier er et godt folkehelseiltak.	Gang og sykkelveggar er viktige for både folkehelse og trafikktryggleik. Fylkeskommunen bygger gang og sykkelveggar i samsvar med dei politiske prioriteringane.	Ingen endring i RPS, men innspelet blir tatt til orientering og kan drøftast vidare på samferdselsavdelinga sitt regionale møte med kommunane.
Ålesund kommune		
Utfordringene knyttet til den økte flyktningstrømmen bør synliggjøres i større grad.	Sjå vurdering av dette temaet i saksframlegget.	Sjå Vanylven kommune.
Det bør komme tydeligere fram at framtidig utvikling av fylket er avhengig at man lykkes med å utvikle attraktive byer med urbane kvaliteter. Ålesund som den største byen i fylket, har spesielle utfordringer som bør vies særskilt oppmerksomhet	Betydninga av attraktive byar og tettstader er omtalt på side 10 i RPS. Fylkesrådmannen viser elles til Regional delplan for attraktive byar og tettstader.	Ingen endringar i RPS, men innspelet blir tatt med inn i arbeidet med rullering av Regional delplan for attraktive byar og tettstader i slutten av perioden.
Særskilte samferdselsutfordringer knyttet til	Fylkesrådmannen er samd i dette punktet, og har allereie	Ingen endringar i RPS, men

<p>byområdene generelt og Ålesund spesielt bør komme tydeligere fram. Ålesund har to tiltak i gjeldende NTP, og vil jobbe for å få vedtatt flere tiltak i kommende NTP. Det bør også drøftes hvordan man skal komme i betraktning i statlige stimuleringsordninger for bedre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområdene.</p>	<p>spelt behova inn i tilknytning til Regional Transportplan for Midt-Norge – innspel til NTP. Utfordringa har og vore løfta i fleire politiske saker heilt sidan 2013. Det vil bli ytterlegare følgd opp i høyringsinnspelet til NTP-forslaget. Fylkesrådmannen viser elles til side 18 i RPS der vi tek opp at «Det er behov for å utvikle byane våre gjennom å betre trafikksystemet og arealdisponeringa».</p>	<p>innspelet blir tatt til orientering og kan drøftast vidare på samferdselsavdelinga sitt regionale møte med kommunane.</p>
<p>Fylkeskommunen har vedtatt svært ambisiøse klimamål med 20 % kollektivandel innen 2023. Utfordringene knyttet til dette må drøftes i fylkesplanen, og det må sikres at det utarbeides planer for hvordan man skal nå målet. Bystyret i Ålesund har vedtatt ambisiøse mål for både klimagassutslipp og reisemiddelfordeling (15% kollektiv, 8% sykkel og 30% gange), og ønsker å jobbe sammen med fylkeskommunen for å nå disse målene. Strategien bør si noe om hvordan et slikt samarbeid kan organiseres.</p>	<p>SVV, fylkeskommunen og Ålesund kommune har i fleire år samarbeidd om bypakke Ålesund, der det i fellesskap er sett mål om kollektivandel på 15 % i 2030. Samarbeidet er organisert gjennom SVV sin prosjektgruppe og styringsgruppe for bypakke Ålesund. Dette er framleis aktiv, og det var seinast møte om kollektivtiltak mellom partane 16.02.2016. Dette gode samarbeidet må halde fram, og strategiane bli tydelegare. Tiltak knytt til kollektivutvikling og bypakker har vore innarbeida i Fylkesplana sitt Handlingsprogram for Samferdsel dei siste 3 åra, og er og inne i 2016. Det vil bli svært viktig å følgje opp dette arbeidet dersom det framover er mogleg å finansiere opp arbeidet.</p>	<p>Ingen endringar i RPS, men innspelet blir tatt med inn i arbeidet med revidering av fylkesplanen.</p>
<p>Kommunene på Sunnmøre er enige om at et er behov for et tettere samarbeid når det gjelder overordnet planlegging. I første omgang konsentrerer arbeidet seg om å få til en felles prosess for arbeidet med kommunale planstrategier der man løfter fram tema som er relevante for interkommunalt plansamarbeid for eksempel areal- og transportplaner, strategisk næringsplan m.fl. Fylkeskommunens støtte og faglige bistand blir viktig for å lykkes i dette arbeidet.</p>	<p>Fylkesrådmannen er samd i dette innspelet, og viser til at avgrensa regionale delplanar for bustad- areal- og transportplanlegging er ei prioritert planoppgåve i RPS som fylkeskommunen er villig til å bruke ressursar på. Økonomisk støtte vil vi komme tilbake til i planprogrammet.</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspelet blir tatt til orientering.</p>
<p>Det er positivt at fylkeskommunen skal utarbeide ny Forsknings- og innovasjonsstrategi. Fra Regional- og næringsavdelingen og Planavdelingen</p>	<p>Innovasjon i offentlig sektor er ei viktig tema, og det skal lagast ein eigen prosess for innovasjon i offentlig sektor i 2016.</p>	<p>Ingen endring i RPS, men innspela blir tatt med inn i arbeidet med strategi for</p>

<p>har vi fått opplyst at strategiarbeidet som nå er i gang, kun skal omfatte privat sektor. Videre opplyses det om at innovasjon i offentlig sektor skal behandles i en egen strategi. Rådmannen stiller spørsmål ved om dette skarpe skillet mellom forskning og innovasjon i offentlig og privat sektor er hensiktsmessig. Vi mener det er mange gode grunner til å inkludere offentlig sektor i arbeidet, blant annet vil man i langt større grad bidra å bygge bro, og skape og utnytte viktige synergieffekter. Dersom man velger å gå videre med arbeidet som planlagt, vil det være av stor betydning at man raskt kommer i gang med en tilsvarende strategiprosess for offentlig sektor. Det er helt klart at offentlig sektors forskningsbehov og rammebetingelser for innovasjon trenger å få større oppmerksomhet.</p>	<p>Som for strategiprosessen for privat sektor, vert det lagt stor vekt på forankring og medverknad frå aktørane.</p> <p>Bakgrunnen for at innovasjon i offentlig sektor vert behandla i eigen strategi er på grunn av styringsgruppa for ny forskning- og innovasjonsstrategi ikkje meinte det var hensiktsmessig å samle innovasjon i privat og offentlig sektor i same strategi.</p>	<p>innovasjon i offentlig sektor i 2016.</p>
<p>Kulturell og kreativ næring er en av verdens raskest voksende næringer. Det bør derfor vurderes om Møre og Romsdal bør ha en strategi for å ivareta utnyttet potensiale. Videre bør det vurderes å se på kreative næringers potensiale i samspill med andre næringer og kompetanseklynger.</p>	<p>Fylkeskommunen har over tid forsøkt å få i gang ei satsing på kreative næringer, og i 2013 vart satsinga etablert. Satsinga på Kreative næringer skal evaluerast i løpet av 2016.</p> <p>Programsatsinga viser så langt at næringa har behov for både fagleg og bedriftsmessig kompetanse. Det er behov for etablering av nettverk og synleggjering av næringa overfor andre næringer og kompetansemiljø, noko som tek tid. På den andre sida er det sterke fagmiljø, både større og mindre, og talent som kan bidra til utvikling av næringa i fylket.</p> <p>Kreative næringer vil vere viktig for utvikling av MR, og det er eit stort unytta potensiale i skjeringpunktet mellom kreative næringer, tradisjonelt næringsliv og kompetansemiljø.</p> <p>Samarbeid mellom desse aktørane vil kunne ta ut potensialet som ligg her.</p>	<p>Ingen endring i RPS, innspelet blir følgt opp i revideringa av fylkesplanen og i handlingsprogramma for 2017.</p>
<p>Framtidige utfordringer knyttet til digitalisering er</p>	<p>Sjå vurdering av same innspel frå Sandøy kommune og</p>	<p>Sjå Sandøy kommune.</p>

ikke drøftet i utkastet. Målet i den nasjonale digitaliseringsstrategien er digitalt førstevalg i kontakten mellom offentlig myndighet og innbygger, og det er behov for at fylkeskommunen og kommunene jobber sammen for å nå dette målet. Gjennom samarbeidet i eKommune Sunnmøre arbeides det med en ny digitaliseringsstrategi, og det blir viktig at kommunene og fylkeskommunen har felles ambisjoner på dette området.	vurdering i saksframlegg til RPS.	
Kommunene har en sentral rolle i arbeidet med samfunnssikkerhet og beredskap. For å kunne ta rollen som samordner og pådriver i dette arbeidet er kommunene avhengig av fylkeskommunen som medspiller. Hvordan fylkeskommunen kan bidra med støtte, kompetanse og opplæring bør omtales i planstrategien.	Sjå vurdering av innspel frå Stranda kommune.	Sjå Stranda kommune.
Kristiansund kommune		
Kompetanse er en nøkkelfaktor skal vi lykkes i omstillings- og verdiskapingsarbeidet. For Kristiansund og Nordmøre vil det være en styrke om vi greier å få etablert et senter for høgskoleundervisning og innovasjon, gjerne sentralt i byen. Kristiansund kommune arbeider sammen med fylkeskommunen og lokale interessenter for å finansiere fysiske forutsetninger, samt inngå avtaler for å gi sentret relevant innhold	Fylkeskommunen har leia prosessen rundt nytt undervisningstilbod innan undervatnsteknologi på Høgskolesenteret i Kristiansund, og ser på mulegheitene for å utvide studietilbodet. Fylkesrådmannen konstaterer at dei pågåande strukturendringane i universitets- og høgskole- og universitetssektoren gjer at fylkeskommunen har behov for ein ny politikk på dette området. Høgskolane/universitetet i fylket er veldig viktige for den regionale utviklinga.	Ingen endringar i RPS, men innspelet blir følgt opp i arbeidet med revidering av fylkesplanen.
Havrommet er stikkordet for framtidens verdiskaping i regionen. Her må vi finne sammen på tvers av administrative og kulturelle grenser, og på tvers av bransjer og sektorer, for å sikre	Kompetanseoverføring mellom næringar knytt til havet, i fremste rekke energi, marin og maritim næring, kan utløyse potensial både i, og i skjæringspunktta mellom, næringane.	Ingen endring i RPS, men innspelet blir følgt opp i arbeidet med revidering av fylkesplanen og utarbeiding

regionens ledende posisjon	Samtidig er det behov for meir forskning for å få ut dette potensialet. Kompetanseoverføring og forskning vil bli ivaretatt i ny forskning- og innovasjonsstrategi.	av handlingsprogram, samt oppfølging av ny forskning- og innovasjonsstrategi.
Innvandrings situasjonen har endret seg radikalt på svært kort tid. Arbeidsinnvandringen har snudd fra voksesmerter til hjemreise i takt med endringer i næringslivet, og den økte flyktningsstrømmen utfordrer kommunenes evne til bosetting og integrering.	Fylkesrådmannen er samd i denne situasjonsforståinga. Det blir lagt til eit avsnitt i RPS om dette. Sjå elles vurdering i saksframlegget om dette temaet.	Sjå Vaylven kommune.
Kommunereformen opptar det meste av den politiske kapasiteten for tiden, og i lys av dette reises også spørsmål om regional tilhørighet. Det såkalte trøndersporet er høyst levende på Nordmøre, og her må ikke fylkeskommunen vike unna i debatten. Lykkes kommunereformen med en vesentlig reduksjon av antall kommuner, vil regionale reformer gjerne komme høyere på dagsorden.	Fylkesrådmannen viser til vedtak i fylkesutvalet 07.12.15 der fylkesutvalet gjentok tidlegare fylkestingsvedtak om at Møre og Romsdal er sterkt nok, stort nok og nært nok til å vere eigen region også i framtida. Når regjeringa har lagt fram melding om oppgåver for det regionale nivået (venta våren 2016) vil fylkesrådmannen komme tilbake med ny sak om kva konsekvensar dette vil ha for Møre og Romsdal og mogleg ny regioninndeling.	Ingen endringar i RPS, men innspelet blir tatt til orientering.
Planstrategien omtaler ikke bypakkene som er under arbeid i fylket. Bypakkene er helhetlige grep som har som mål å løse en rekke av de utfordringene som er listet opp under ulike planer og strategier. Og de inneholder plan for finansiering av tiltak der fylkeskommunen har sin andel. Kristiansund kommune forventer at disse store helhetlige grepene, som de ikke bare berører de tre byene, men hele byregionene, synliggjøres og tillegges vekt når fylkeskommunen diskuterer videre planbehov og strategier for samferdselsutvikling. I stedet(?) lanseres et forslag om å utarbeide regionale delplaner for samordnet areal- og transportplanlegging for byregionene. Dette kan være gode grep, men det må i tilfelle	Bypakkene er omtalt i dokumentet Utviklingstrekk i Møre og Romsdal – Kunnskapsgrunnlag til regional planstrategi 2016 – 2020. Arbeidet er svært viktig og sentralt, og fylkeskommunen har vore involvert i arbeidet i Kristiansund i fleire år gjennom SVV si prosjektgruppe og styringsgruppe for bypakke Kristiansund - som også per i dag er aktive, samt i Kr.sund kommune si sentrumsplangruppe. Arbeidet vil bli tett følgt opp dersom det framover er mogleg å finansiere opp arbeidet. Ein føresetnad for miljøvennlege transportløyisingar er samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (S BATP). Dette er og nedfelt i den vedtekte Regional delplan for attraktive byar og tettstader. Fylkesrådmannen ser ingen motsetnad mellom bypakke og S BATP, det vil snarare støtte opp under kvarandre.	Ingen endringar i RPS, men innspelet blir følgt opp i arbeidet med revidering av fylkesplanen.

skje samordnet med bypakkearbeidet i byregionene, og sammen med regional stat.		
Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal		
Med bakgrunn i Regionale utviklingstrekk og egen brukerundersøkelse vedrørende effekt av tiltaket Stikk UT ber vi om at fylkeskommunen prioriterer følgende: <ul style="list-style-type: none"> - Gode forebyggende tiltak for folkehelse i Møre og Romsdal, med særlig vekt på tilrettelegging for friluftsliv. 	Fylkesrådmannen meiner dette er godt ivaretatt i dagens arbeid.	Ingen endring i RPS, men innspelet blir tatt til orientering.
Norges musikkorps forbund, Nordvest		
Regionstyret for NMF Nordvest viser til RPS for Møre og Romsdal sine målformuleringar om m.a. eit godt og breitt kultur- og fritidstilbod, og pkt. 3.2 om utfordringane på kulturområdet. <ul style="list-style-type: none"> - Regionstyret meiner det er viktig å ha eit tydelegare fokus på oppfølging av fylkeskommunen sin eigen frivilligplan og prioriteringa av innsatsen overfor frivillig sektor. 	Frivilligplanen til fylkeskommunen vart fasa ut ved utarbeiding av fylkesplan 2013-2016 og tatt inn i satsingsområdet Kultur. Frivillig sektor er viktig for lokalsamfunna i Møre og Romsdal og fylkeskommunen gjer allereie mykje på feltet. Det er likevel behov for tydelege prioriteringar når det gjeld arbeidet med frivillig sektor, noko som vil bli eit tema i fylkesplan 2017-2020.	Ingen endring i RPS, men innspelet blir følgt opp i revideringa av fylkesplanen og i handlingsprogram for Kultur 2017.
Eierutvalget i Tine Midt		
Meieriverksemda i fylket, med tilhøyrande kompetansmiljø, er knapt nemt i grunnlagsdokumentet «Utviklingstrekk for Møre og Romsdal» og «Landbruksmeldinga» av 12.12.2012. Vi registrerer at det siste åra er svært få spor av grøn næring i fylkeskommunen sine publikasjonar «temp» og «spor». Vi ynskjer å bidra til at denne viktige framtidsnæringa blir synleggjort og teken med i meir positive ordelag i det strategiske planarbeidet.	Det er positivt at det blir sett fokus på moglegheitene i landbruksnæringa og meieriverksemda. Vi samarbeider gjerne for å få betre kunnskapsgrunnlag på desse områda framover.	Vi tek inn forslag til endring i RPS, sjå under. Blir også følgt opp i revideringa av fylkesplanen.
Vi støtter forslaga til planoppgåver. Vi ser at det er	Innspelet er støtte til forslag i RPS.	Ingen endring i RPS, men

<p>kome nye innspel på det med bioøkonomi til strategien. Det er viktig å sjå moglegheitene i både blå og grøn sektor i så måte.</p>		<p>innspelet tatt til orientering.</p>
<p>Vi meiner at planstrategien ikkje er ambisiøs nok på landbruket sine vegne. Lav lønsemd er ikkje ein skjebne, men har mykje å gjere med kva politiske rammebetingelsar næringa får. Her spelar både næringpolitikk, marknadsbalansering, internasjonal handel, utdanning og kompetanse ei rolle. Dette er aktuelle spørsmål som politikarane i Møre og Romsdal kan påverke lokalt, regionalt, og nasjonalt til det beste for næringsaktiviteten i fylket</p>		
<p>Vi synest det er bra at landbruksmeldinga skal reviderast. Næringsmiddelindustrien si rolle bør bli synleggjort betre i dokumentet, og vi håper vi kan bidra med å få det til.</p>	<p>Støtte til forslag i RPS, med innspel til innhald og prosess.</p>	<p>Blir følgt opp i arbeidet med revidering av landbruksmeldinga.</p>
<p>Kapittel 3.4 Verdiskaping.(Tillegg til eksisterande tekst i kursiv).</p> <ul style="list-style-type: none"> - Avsnitt to:....særleg gjeld dette næringane som er knytte til havet. <i>Det er potensiale å hente i kunnskapsoverføring og samhandling mellom blå og grøn sektor. Ved å utnytte kvalitetsvarer produsert i fylket frå både sjø og land, kan Møre og Romsdal utløyse eit enno større potensiale for identitetskaping og merkevarebygging for fylket og reiselivet.</i> - Vi foreslår at setninga: « Klima og landskap vil alltid gjere matproduksjon i Møre og Romsdal krevjande. Kostnadsnivået gjer lønsemda og dermed rekrutteringa svak.» i kapittel 3.4 i avsnitt 5(s.15) blir stroken, fordi den er for lite offensiv og slår i hel 	<p>Vi støttar ei meir offensiv tilnærming til temaet.</p>	<p>Forslaga blir teke inn i RPS.</p>

måla som er definert tidleg i avsnittet. Vi foreslår denne teksten i staden:

Matproduksjon er ein del av framtida sin bioøkonomi. Møre og Romsdal har jordressursar som gir potensiale for auka produksjonen og sysselsetting i landbrukssektoren. Fylket skal ta ei aktiv rolle med å påverke dei politiske rammebetingelsane slik at det blir mogleg å utvikle ein lønsam matproduksjon og foredlingsindustri, som tek omsyn til geografi, klima, energi og miljøkrav.